

Sommar!

Vår mann i Sudan

Per Nordmark har arbeidd for Kirkens Nødhjelp i Sudan. Kapellan Edvard Bø har intervjuet Per etter heimkomsten.



Konfirmasjon 2003

Bilete frå konfirmasjonane i kyrkjelydane våre.



Tema:

Kremasjon.

Kapellan Edvard Bø tek for seg kremasjon som alternativ til gravferd.

Fitjivasstemnet 100 år



Biskop Ole D. Hagesæther i hyggeleg samtale med frå v. Per Nordmark. og Per Småbrekke på Fitjavass-stemna.

Rundt 230 menneske var samla då Fitjivasstemna sitt 100-års-jubileum vart feira 2. pinsedag. Så mange menneske hadde ikkje vore med på stemna sidan krigen, vart det sagt. Gudsteneste, matøkt med mellom anna rømmegraut og grilla pølser, og ”ettermøte” med helsingar, song og musikk, stod på programmet. Stemnet er eit samarbeid mellom Vaksdal og Samnanger, og var opprinneleg eit stemne for stølane på ettersommaren.

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post:

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

e-post:

kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

e-post:

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltlf 90 19 65 14

e-post: frode.kvamsoe@c2i.net

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

e-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf.privat: 56 59 59 26

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret

innan 31.august

Neste nummer kjem ut i september.

FRILUFTSGUDSTENESTER I SOMMAR



Frå Fitjavass-stemna 2.pinsedag

Kantor-ektepara frå Samnanger og Vaksdal stod for den musikalske delen av stemna. Frå høgre Eilert Tøsse, gitar, Tone Synnøve Øygard Steinkopf og Anne Lise Tøsse blokkfløyter og Olav Arne Steinkopf, tromme.

Moastølen søndag 13. juli

Nytt av året er ei friluftsgudsteneste på Moastølen. Her vert det friluftsgudsteneste kl. 15. den 13. juli, med felles avgang frå Småbrekke kl. 14.00 Noko opplegg utover gudstenesta er ikkje planlagt, men i god stemnetradisjon er det vel naturleg med ei felles matøkt etterpå? Frå Småbrekke går det ein traktorveg opp til Moastølen, og vegen har lett stigning. Dette gjer at og dei som ikkje er så fjellvande kan ta seg fram utan for mykje slit. Ved dårleg ver vert gudstenesta flytt til Bergsdalen kyrkje.

Dalastemna søndag 20. juli

Det er no ein tradisjon med Dalastemna på fjellet mellom Eksingedalen og Modalen. Staden for stemna er på nordvestre side av Storavatnet. I Eksingedalen går ein opp frå Dalastova på Flatekval. Vandringa tek til med ei heller lang og bratt stigning, men på toppen av henne flatar terrenget seg ut. Frå Modalen går ein til Storavatnet frå Farestveit.

Programmet for stemna er som før, med gudsteneste, matøkt og ”ordet fritt”. Gudstenesta tek til kl.12, og det vert felles avgang frå Flatekval kl.10.30, om ikkje anna vert kunngjort seinare. Ved dårleg ver vert gudstenesta flytt til Eksingedalen kyrkje.

VÅR MANN I SUDAN

Per Nordmark er komen heim frå Sudan. Der har han jobba som prosjektleiar for Kirkens Nødhjelp. Kyrkjebladet ville høyre kva arbeidet hans gjekk ut på .



Tove Margrete Nordmark vart glad for å få heim sin Per etter ei dramatisk oppleving i Afrika.

Du havna midt i krigssona, Per? Etter avtalen om våpenkvile i fjor vart partane einige om at det skal vere eit overvakingsorgan som skal overvake våpenkvile-avtalen og grensane i området. Kontrollorganet "Joint Military Commission" som 11-13 land står bak og driv, er for tida leia av ein norsk general. Dei hjelpte til og skapte ein viktig føresetnad for tryggleiken i arbeidet. Eg hadde òg erfaring frå å ha vore i landet før i 1980-83.

Korleis fungera dette organet i praksis?

På kontrolloppdrag er dei alltid tre partar, ein representant frå kvar av dei "stridande" partane, samt ein uvæpna militær som

- Hovedstad Kartoum.
- Uavhengig stat 1. januar 1956.
- Folketal auka frå 10.3 millionar i 1956 til 28 millionar i 1990.
- Berre 15% av landområda befolka.
- Borgarkrig med unnatak 72-84.
- Ny våpenkvile 19. januar 2002 mellom regjeringstyrkane og SPLA (Sudan Peoples Liberation Army).
- All infrastruktur i krigssona øydelagd etter 13 år samanhengande krig.
- KN-prosjekt i Nubafjella, område to gangar Danmark, med opprinneleg 2 ½ million innbyggjarar.
- Halvparten av dei flyktningar.
- KN's overordna mål å motivere til fred, forsoning og tillit.

representerer dei internasjonale. (Under våpenkvilen er dei ikkje lenger stridande.) Dei vart ein viktig samtalepartnar som kunne ta raske avgjerder.

Korleis vart KN sitt prosjekt bygd opp? I røynda var det to parallelle prosjekt KN no etablerte på kvar side av frontlinja i Nubafjella. Eit prosjekt med base i dei regjeringskontrollerte, der eg var stasjonert. Eit anna var i dei SPLA-kontrollerte områda. Prosjekta opererte uavhengig av kvarandre, men med meg som øvste samlande koordinator. Eg reiste inn med bil frå hovudstaden Kartoum. På andre sida reiste dei inn med fly frå Nairobi i Kenya.

På SPLA-sida hadde KN ei sjukepleiar som vart nestleiar for prosjekta.

Du drog frå Vaksdal i november? Då eg reiste frå Norge, fekk eg ikkje kome ut på plassen med det same. Det var eit ynskje om at hjelpeorganisasjonane skulle komme i gang med arbeidet fort, men det tok lang tid å få på plass alle formalitetane før eg kunne starta. Raskare gjekk det på SPLA-sida. 17. november landa dei med eit fly med telt og medisinar. Eg måtte fyrst vente 3 veker i Nairobi før dei slapp meg inn i Sudan. Der måtte eg så halde meg i Kartoum ein månad før dei endeleg slapp meg ut på feltet i Nuba. I denne ventetida fekk eg møter og kontaktar på baa sider, noko som blei særst nyttig for meg seinare. Eg vart optimistisk på å skulle jobbe på baa sider av frontlinja.

Du kom til ein liten landsby? Eg vart stasjonert i Heiban, medan dei på SPLA sida var i Kauda. Avstanden mellom dei to landsbyane var 18 km, altså om lag frå Vaksdal til Dale. Frå Heiban til grensa var det 5 km. Det tok tid å køyre då vegen var minelagd, så han kunne me ikkje bruke. Nokon vart drepne der i okt/nov. I staden nytta vi eit nytt spor i terrenget der ein kunne køyre i 50 km/t. Nubafolket i området var eitt folk, sjølv om dei var delt i ulike stammar. For sivilbefolkninga var det fri ferdsle over frontlinja, men ikkje for offisielle personar. Me kom då i ei særstilling.



Per Nordmark saman med Barh Edien som var hovding i landsbyen Heiban, der han arbeidet for Kirkens Nødhjelp

Eg køyrde frå Kartoum i Landcruiser lasta med utstyr og kom fram veslejulaftan for å byggje opp basen i Heiban. Eg vart tildelt eit hus eigd av skuleadministrasjonen, som var sterkt øydelagd og utan tak. Det vart ein primitiv julaftan der me sat på kassar. Arbeidet starta med å gjere i stand huset og å byggje fleire små hus i nærleiken. Husa vart lagde av lokal murstein og med stråtak. Her var landskapet flatt, så det var berre å setje i gang rett på bakken.

Kva arbeid skulle du gjere? Arbeidet var i fyrste rekkje å støtte opp om undervisinga. Vi skulle ikkje gjere jobben, men hjelpe dei til å kome i gang sjølve. Her hadde det ikkje vore folk på skulebenken på 13 år. Eg møtte vaksne som aldri hadde hatt skulegang. Dei hadde korkje bøker, tavle eller kritt. På første billasset hadde eg med meg blyantar, kladdebøker og kritt. På neste ladningen fekk eg med meg lærebøker. Men først måtte dei byggje skulen sin.

Korleis er det med KN som kristent hjelppearbeid med omsyn til å vere misjonsarbeid?

Kirkens Nødhjelp er streng på at det ikkje er misjonsarbeid dei driv. "Sammen for en rettferdig verden" er motto for organisasjonen. KN vil drive med praktisk nestekjærleik med rot i eit kristent livssyn. Hjelpen er til menneske i naud utan å skula til religion. Som leiar for prosjekta i KN, kan eg ikkje gjere noko som kan tolkast at nokon vert favoriserte. Men alle veit at KN er ein kyrkjeleg organisasjon, og som privatperson deltok eg i gudstenester i den lokale kyrkja, og heldt jamvel talar. Eg vart respektert. I landet er det muslimsk styre, men folket var i stor grad kristne og kunne drive sitt kyrkjelege arbeid fritt.

Men som KN-arbeidar måtte eg stå på sida av religionskampen. Vår målsetting er å gi hjelp til enkeltindivid og grupper som treng det. Soleis har KN opparbeidd seg ein stor grad av "Goodwill" hos alle partar. Vi bidrar med ting som alle er einige om. Eg og prosjektet vart bedt for baa av dei kristne i kyrkja og av muslimane i moskeen. Elles må eg seie at dei gav meg god støtte i kyrkja. Deira kristendom er jordnær og praktisk. Folk støtta seg på Gud og tok han med på råd i dagleglivet. Eg trur vi har mykje å lære av deira daglegdagse tru. Folk var inkluderande og positive. Eg opplevde å kome dei nær inn på livet.

Som vi fekk lese i avisa vart du fengsla. Kva skjedde? Eg hadde tillit til at alt var ordna på førehand. Berre eg kunne køyre bil. Pasienten, ei ammande mor, måtte inn på SPLA-sida for å få hjelp. Med i bilen var to sivilkledde politi og ein sivil mann. Det er framleis uklart kvifor eg vart fengsla. Kan hende ville dei statuere eit eksempel. Eg vart sleppt fri utan å ha lidd nokon overlast.

Var du redd? Eg følte eg aldri var i skikkeleg fare. Men eg blei noko skremd når dei førde anklage mot meg. Men aldri redd på livet. Det var uvisst kor lenge dei

ville halde på meg, og eg tenkte på konsekvensane for prosjektet. Loven hadde ei strafferamme på eit halvt års fengsel. Men eg såg ikkje på dei som nokon fiende. Eg hadde som sagt fått gode kontaktar og dei handsama meg ordentleg og korrekt.

Resultatet er at du no ikkje kan dra ned att? Det er synd, for vi var i gong med noko viktig som no har stoppa opp. KN har ikkje fått nokon ny på plass etter meg, og det er uvisst framover. Eg tenkjer mest på dei som treng hjelp. Men det er KN sin policy at ikkje noko må forkludra organisasjonens goodwill og tillit hjå dei skal hjelpe. Hjå KN har eg framleis full tillit, men dei tør ikkje, òg for min eigen skuld, la meg drive vidare. Familien hadde tenkt å dra ned nokre år, men no vert ikkje det av.

Takk Per, og lukke til med nye oppgåver.

Edvard Bø

GIFT

*Stundom nyttar eg ikkje tida rett,
til dømes når eg ventar på noko.
Ventinga er som ein giftslange.
Han kveiler seg rundt heile meg.
Han sprøyter gift og lammar meg*

*Eg gløymer å leve der og då.
Gløymer å nytta høve.
Ser ikkje alle mogleighetene.
Uløyste oppgåver ligg framføre,
men eg enser dei ikkje.*

*Lær meg å opne opp
når eg har det vanskeleg.
Når eg kjenner at døra går i vranglås
så lær meg å smørje låsen.
Måtte du opne når eg stengjer.*

*Lær meg å sjå og høyre
så eg ikkje går meg vill.
Når eg er heilt opprådd
så syn meg kva som er rett.
Syn meg den rette vegen.*

Ragnhild N. Hesjedal

KONFIRMANTAR VÅREN 2003



Konfirmantane i Dale kyrkje 4.mai 2003

Sitjande frå venstre: Christin Tolås Wefring, Caroline Holen Otterstad, Karina Strømmen, sokneprest Frode Kvamsøe, Kristine Søvik Fossmark, Anette Sellevold Bleika og Merethe Iversen.

Midtrekkja frå venstre: Maria Alvheim, Mari Håheim Mykkeltvedt, Line Kvamme Rødland, Katrine Wefring Bjørkheim, Åshild Danielsen Kvamme, Margrethe Terjesen, Christine Seim, Helén Valestrand Wefring, Katrin Brattebø, Lill-Kjersti Nottveit, Hege Birkeland Sandnes, Karina Michelle Reknes Haukeland og Elin Svensson.

Bak frå venstre: Alexander Vedå Krogsrud, Dan Edward Skaftun, Kristoffer Kvamme Nygård, Rune Kristiansen, Marius Sellevold Soltvedt, Eirik Bruvik Erdal, Ruben Johansen, Torben Hop, Tom André Venge og Roy Steinsland.

(Foto: Ann-Elin M. Gullbrå/P. Solheim)



Konfirmantane i Vaksdal kyrkje 4.mai 2003

Framme frå venstre: Helene Thom Fosse, Stine Pahlm Hindenes, Marthe Njåstad, Cecilie Marx Larsen og Silje Eidsvåg.

Bak frå venstre kapellan Edvard Bø, Jan Tore Sjøbø Hesjedal, Eirik Dalheim, Magnus Hanevik, Tommy Bakke Amundsen og Nils Arvid Lang

(Foto: Ann-Elin M. Gullbrå/P. Solheim)



Konfirmantar i Starnes kyrkje 11.mai 2003

Framme frå venstre: Martin Lunde Starnes, Silje-Mari Kallestad Hagen og Bjørn Eirik Høines.
 Bak frå venstre: Carl Louis Breivik, Runar Brekkhus, kapellan Edvard Bø og Aleksander
 Andreassen.
 (Foto: Ann-Elin M. Gullbrå/P. Solheim)



Konfirmantar i Bergsdalen kyrkje 25.mai 2003

Frå venstre: Tonje Jeanett Romarheim, Bjarte Pettersen, Ingrid Fagerbakke Fosse og
 sokneprest Frode Kvamsøe. (Foto: Ann-Elin M. Gullbrå/P. Solheim)




Konfirmantar i Eksingedalen kyrkje 1.juni 2003

Frå venstre: Sokneprest Frode Kvamsøe, Henning Haugen Andersen, Marianne Brønstad og Kjetil Lavik. (Foto: Maria Lavik)



**Konfirmantane i Eidsland kapell
27.april 2003**

Frå venstre: Daniel Stamnes, Maritha Møster, Chana Michelle Almenningen og kapellan Edvard Bø.
Foto: VaksdalPosten, Magne Solhaug



Konfirmant Njål Nordmark i Vaksdal kyrkje 25.mai 2003 i lag med kapellan Edvard Bø.
(Privat foto)
Njål var sjuk konfirmasjonsdagen 4.mai.

KREMASJON

Mange menneske er usikre kring dette med kremasjon. Difor vil vi her i kyrkjebladet orientere litt korleis vi frå kyrkja tenkjer kring dette.

By og land

På landsbygda har ein alltid vore mest vant med gravferd. Slik er det ikkje i byane og meir tettbygde strok. Eg sjølv vaks opp i Bergen der eg som ung ikkje kjende til anna enn at når folk døydde, skulle dei kremerast. Slike ting har med tradisjonar og vaner å gjera. Det kan verte kjenslevert når ein møter skikkar ein ikkje er vant med, eller kjenner så mykje til. Difor skal ingen føle noko press. Også i byane kan ein ha gravferd, men det seier seg sjølv at det må verte avgrensa grunna plassmangel. På landsbygda ser vi òg at det etterkvart sume stader vert mindre plass på kyrkjegardane våre. Det ville vore ynskjeleg om nokon fleire då kunne tenkje seg å nytta kremasjon framfor gravferd. I denne artikkelen ynskjer vi å gje informasjon som kan hjelpa ein å tenkje igjennom saken, før den dagen kjem at ein må sjølv ta stilling til spørsmålet.

Er det nokon skilnad?

Er det nokon prinsipiell skilnad mellom gravferd og kremasjon? Eigentleg ikkje. Både er fine og verdige måtar å ta avskil med eit menneskeliv på. Kyrkja har nok sagt at der det er mogeleg, er det ynskjeleg med gravferd. Men det er mest knytt til å ta vare på gode tradisjonar, samt eit pedagogisk og sjelesørgerisk mål om å avslutta ved graven same dagen. Det er ein gamal kyrkjeleg tradisjon som gjeld at slik som sola står opp i aust, vil Kristus òg koma att i aust. Kista skal settast i jorda slik at andletet vendar mot aust og kan ta imot han når han kjem. Denne praksis held vi på ved gravferd, men samstundes er vi her på eit symbolplan knytt til underet om oppstoda. Anten det er gravferd eller kremasjon så handlar det om at denne jordiske lekamen forgår og rotnar bort. Slik

som orda lyder: Av jord er du komen, til jord skal du verta. Men ved eit Guds under vonar vi og trur vi at av jorda skal du atter stå opp. Men då til ein ny himmelsk og herleg lekam.

Lekamen er død. Sjela er hjå Gud.

Kremasjon er ein rein og liketil måte å handsame ein død lekam på. Om ein skulle ha angst eller motvilje for kva som skjer med den menneskelege kroppen etter døden, er det vel like problematisk å tenkje på kva som skjer ved ein vanleg gravferd som ved kremasjon.

Saka er at når eit menneske dør, så er livet borte frå kroppen. Når nokon er død, kan ein tydeleg sjå at sjela er borte, og at lekamen som ligg att, berre er eit livlaust skal. Når eg då går på grava til far min, eller bestemor, så tenkjer eg ikkje på det som ligg i jorda, men på at no er sjela deira hjå Gud i himmelen. Der har eg ei von om ein gong å møta dei att. No kan det nok seiast meir om skilnaden på sjelene sin kvilestad før domen, og paradiset som han på ny skal skapa på den siste dagen. Men det fører for langt med ein djupare diskusjon her. I truedkjenninga seier vi at vi trur på oppstode av lekamen, men det vert då som ei nyskaping som har røter i det jordiske. Vi kan ikkje klårt forklara det, men apostlane tala med Jesus, kunne ta på såra hans og han åt saman med dei. Det var både attkjenning og noko heilt nytt samstundes. Paulus har elles skrive om den nye lekamen i 1.Kor.15.

Spørsmål om kremasjon kan rettast til kyrkjeverje Svein Tøsse, eller ein av oss prestane.

Edvard Bø, kapellan

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam

VELKOMMEN TIL KYRKJE

VAKSDAL KYRKJE

22.06 kl.11.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

13.07 kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

03.08 kl.11.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.

17.08 kl.19.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.

31.08 kl.11.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Soknemøte.

14.09 kl. 18.00 Familiegudsteneste.
Bø. Konfirmantpresentasjon.

DALE KYRKJE

06.07 kl.18.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

27.07 kl.11.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.

10.08 kl.11.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.

24.08 kl.18.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.

STANGHELLE BEDEHUS

07.09 kl.11.00 Familiegudsteneste.
Søndags-skulens dag. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE

06.07 kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

03.08 kl.19.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.

31.08 kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
Konfirmantpresentasjon.

BERGSDALEN KYRKJE

13.07 kl.15.00 Friluftsgudsteneste på
Moastølen. Kvamsøe. Avmarsj frå
Småbrekke kl.14.00

14.09 kl.11.00 Bergsdalsstemna. Bø.
Hausttakkefest.

Konfirmantpresentasjon.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

EIDSLAND KAPELL

27.06 kl.17.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

17.08 kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

EKSINGEDALEN KYRKJE

20.07 kl.12.00 Dalastemna. Kvamsøe.

21.09 kl.11.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Nattverd.

NESHEIM KYRKJE

29.06 kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

31.08 kl.15.00 Familiegudsteneste. Bø.
Nattverd.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-
avisene og på plakatar for å kontrollera
m.a. klokkeslett for gudstenestene.

KONSERT

I DALE KYRKJE

Søndag 22.juni kl.18.00

Gitarduoen

Sindre Sortland og Tom Stien

Argentinsk, spansk, italiensk og fransk
musikk for gitarduo.

KOLLEKT VED UTGANGEN

KONSERT

I VAKSDAL KYRKJE

Tysdag 26.august kl.19.00

Kantorane Tone Synnøve Øygard
Steinkopf og Olav Arne Steinkopf, orgel

PROSJEKTKOR MED

”GLORIA” AV VIVALDI

I haust vert det eit musikalsk samarbeid
med Samnanger . Konsertane blir **8. og
9.november** i Samnanger og Dale kyrkje.
Meir i neste nr. av kyrkjebladet

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam

VELKOMMEN TIL KYRKJE

VAKSDAL KYRKJE

22.06 kl.11.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

13.07 kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

03.08 kl.11.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.

17.08 kl.19.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.

31.08 kl.11.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Soknemøte.

14.09 kl. 18.00 Familiegudsteneste.
Bø. Konfirmantpresentasjon.

DALE KYRKJE

06.07 kl.18.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

27.07 kl.11.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.

10.08 kl.11.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.

24.08 kl.18.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Konfirmantpresentasjon.

STANGHELLE BEDEHUS

07.09 kl.11.00 Familiegudsteneste.
Søndags-skulens dag. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE

06.07 kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

03.08 kl.19.00 Høgmesse. Bø.
Nattverd.

31.08 kl.11.00 Familiegudsteneste. Bø.
Konfirmantpresentasjon.

BERGSDALEN KYRKJE

13.07 kl.15.00 Friluftsgudsteneste på
Moastølen. Kvamsøe. Avmarsj frå
Småbrekke kl.14.00

14.09 kl.11.00 Bergsdalsstemna. Bø.
Hausttakkefest.

Konfirmantpresentasjon.
Offer til kyrkjelydsarbeidet.

EIDSLAND KAPELL

27.06 kl.17.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

17.08 kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

EKSINGEDALEN KYRKJE

20.07 kl.12.00 Dalastemna. Kvamsøe.

21.09 kl.11.00 Familiegudsteneste.
Kvamsøe. Nattverd.

NESHEIM KYRKJE

29.06 kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe.
Nattverd.

31.08 kl.15.00 Familiegudsteneste. Bø.
Nattverd.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokal-
avisene og på plakatar for å kontrollera
m.a. klokkeslett for gudstenestene.

KONSERT

I DALE KYRKJE

Søndag 22.juni kl.18.00

Gitarduoen

Sindre Sortland og Tom Stien

Argentinsk, spansk, italiensk og fransk
musikk for gitarduo.

KOLLEKT VED UTGANGEN

KONSERT

I VAKSDAL KYRKJE

Tysdag 26.august kl.19.00

Kantorane Tone Synnøve Øygard
Steinkopf og Olav Arne Steinkopf, orgel

PROSJEKTKOR MED

”GLORIA” AV VIVALDI

I haust vert det eit musikalsk samarbeid
med Samnanger . Konsertane blir **8. og
9.november** i Samnanger og Dale kyrkje.
Meir i neste nr. av kyrkjebladet